ALVER
KOMMUNE

Ole Morten Tysse
Kvernhusrinden 8
5281 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Josep Gayrbekov | 01.10.2021 |
| Vår: 21/6611 - 21/65784 | josep.gayrbekov@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 102/73 Vabø

| | |
|---|---|
| Tiltak: | redskapsbod dispensasjonssøknad |
| Byggjestad: | Gbnr: 102/73 |
| Tiltakshavar: | Ole Morten Tysse |
| Ansvarleg søkjar: | Ole Morten Tysse |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.07.2021.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Viser til søknad om dispensasjon til bygging av redskapsbod på gbnr 102/73. Skal du bygge tiltaket slik det er teikna opp, krev tiltaket både ein søknad med tiltak utan ansvarsrett etter pbl. § 20-4 og dispensasjon etter § 19-1. Krav om dispensasjon fordi tomten ligger i LNF-område. Krav om søknad med ansvarsrett fordi tiltaket skal byggas på ubebygd eigedom.

Gebyr for behandling av en slik søknad er **kr 15.400** (7.500 for dispensasjon, 7.900 for søknad som tiltak som krev med ansvarleg føretak).

Du er også eigar av naboeigedommen som er avsett til LNF-spreidd i 6.2 Vedlegg B, gbnr 102/36. For eigedommar som er avsett til LNF-spreidd kan det tillatast mindre tiltak utan søknad eller krav om dispensasjon så lenge ein held seg innanfor rammene i pbl. § 20-5 og gjeldande kommuneplan for Lindås (blant anna pkt 3.4.7). I så fall kunne du trekt den innsendte søknaden mot et gebyr på **kr 2.500**, og bygget utan å søke.

Alternativt kan du også slå saman eigedommen gbnr 102/73 med 102/36 så vil det etter ei førebels vurdering frå kommunen ikkje krevje dispensasjon og vera i tråd med LNF-spreidd i tråd med avsnittet over. Ta gjerne kontakt med avdeling for Kart og oppmåling for meir informasjon.

Ber om en tilbakemelding på om du ønsker at innsendte søknad behandlast videre eller

trekkast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **05.12.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Josep Gayrbekov |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ole Morten Tysse | Kvernhusrinden 8 | 5281 | VALESTRANDSFOSSE N |
| Ole Morten Tysse | Kvernhusrinden 8 | 5281 | VALESTRANDSFOSSE N |